

Møtereferat

Dato:04.05.2017

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 25.04.2017 – KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen	
Til stades:	Ståle Hauge Frøydis Ones Trude Langedal Laila P. Kaland Hanne Berentsen Grete Riise Marianne Skulstad Tone Bøyum Odd Høydalsvik Eva Katrine Taule Anne-Kathrine Vabø Gunnhild Raddum Inger Lena Gåsemyr Kjetil Bø Omarstrand Gudrun Mathisen Odd Tøsdal Aase Midtgård Skrede Lena Mathisen	Utvalsleiar, Plan- og miljøutvalet, Lindås kommune Lindås kommune Lindås kommune Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Fylkesmannen i Hordaland Statens vegvesen Statens vegvesen Statens vegvesen Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Mattilsynet Kartverket Kystverket
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	25.04.2017 Kl. 10:00-12:00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordaland

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Eva Katrine Taule, fagleiar for kommunal planlegging i HFK ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing ved utvalsleiar Plan- og miljøutvalet i kommunen, Ståle Hauge

Ståle Hauge takka for at Lindås kommune fekk høve til kome i regionalt planforum. I arbeidet med planprogrammet ønskjer kommunen innspel på kva plantema, problemstillingar og utgreiingar planprogrammet bør innehalde. Kommunen viste til arbeidet som gjerast kring fortetting og synte bl.a. til planar om ca. 2000 nye bustadar i Knarvik. Det vert og vist til planar om mellom 800-1500 nye bustader i Lonena, og området Hilland – Fosse, som kommunen ønskjer at ses i samanheng med denne planen. Midtmarka/Rotemyra i Meland kommune og Lonena vert trekt fram som område nær Knarvik, kor det blir viktig med gode forbindingar.

Presentasjon ved Trude Langedal, Lindås kommune

Med bakgrunn i den forventta befolkningsveksten i åra framover, og kommunen sin planstrategi for perioden 2016-2019, skal kommedelplan for Knarvik – Alversund og kommunedelplan for Alverstraumen reviderast. Planområdet er slått saman og utvida mot nord, blant annar for å inkluderer friluftsområder kring Fosse.

- 29 km², av kommunens totale areal på ca. 475 km².
- 6731 personer bor per i dag innanfor planområdet, ca. 1/3 av Lindås kommunes totale innbyggjartal.
- Fv. 404 går igjennom planområdet. Reguleringsplan for strekninga Kvamme – Fossavatnet. Leggje til grunn at arbeidet til SVV om ny bru over Alversundet inngå i planen. Eldre bru skal rivast.
- Friluftsområdet i Lonena skal knytast nærare til planlagde bustader i området, og Knarvik sentrum.

Lindås kommune ønskjer at planprogrammet skal bidra til å leggje til rette for framtidig vekst i regionsenteret Knarvik, og førebu prosessen med kommunesamanslåing. Knarvik skulekrins er mindre enn Alversund skulekrets, som er den største i Lindås kommune. Kommunen ønskjer å leggje til rette for busetting av fleire barnefamiliar, og viste til BYR-prosjekter, som Lindås, Os og Fjell kommunar er ein del av. For å ta vare på friluftsliv, kulturlandskap og landsbruksareal innanfor planområdet ønskjer kommunen å trekkje markagrensar mot framtidig utbygging. Lite areal til arealkrevjande verksemdar i planområdet, og i Knarvik leggjast det til rette for tilsettintensive arbeidsplasser. E39 er eit viktig premiss inn i dette planarbeidet, og kommunen meiner at trasévalet må avklarast før denne planen ideelt vedtakast hausten 2018. Med dette planarbeidet håper også Lindås kommune å sikre areal til ein kyststi mellom Alversund og Gjervik.

Diskusjon i plenum

Planprogrammet har ein bred og heilskapleg tilnærming. Målsettingane frå samfunnsdelen som ligg til grunn bak planprogrammet bør presiserast.

- Avsnittet «sentrale tema i planarbeidet», opplevast som klare målsettingar, og ein må difor skilje betre mellom kva som er planskildring, mål og tema i planprogrammet.
- Planprogrammet bør innehalde ein setning om at samfunnsdelen med målsettingar ikkje er vedtatt enda.

Hovudmål

Det vart etterspurd at planprogrammet vert utarbeide slik at det tek omsyn også til kulturarv, handel klimatilpassing og drikkevassforsyning. Kommunen er gjennom §26 i Drikkevassforskrifta plikta til å ta drikkevassomsyn i planlegging. Lindås kommune opplyste om at eit interkommunalt ringvegssystem for vasshandtering er planlagt sidan 1977. Vassforsyning er tenkt inkludert i dette planprogrammet, også pga. forsyning av industrivatn til Mongstad.

Areal- og transport

Planprogrammet bør beskriva kven som skal bu kor, og det bør planleggast særskilt for barn og eldre. Dette er yttergrupper som treng ein særskild tilrettelegging, noko som ofte er til det beste for fleire brukargrupper. Dette er også eit godt utgangspunkt for plansamarbeid med nabokommunar. Friluftsliv er tydeleg framheve i planarbeidet. Planforslaget bør og beskriva tydelegare «livet mellom husa», noko som ofte er viktigare ein sjølv avstandane, når ein vel mellom om gå, sykla eller køyra til ulike gjøremål. Overordna strukturar bør løftast og knytast til samordna areal- og transportplanlegging, og det bør samstundes planleggjast for funksjoner som bidrar til å avgrense transportbehovet. Det er i dag stor skeivfordeling mellom bustader og arbeidsplasser i planområdet.

Lindås kommune påpeikte at planarbeidet må ses i samanheng med at nye skular er planlagt i både Knarvik og Alversund. Meland bør inkluderast i ein skuleanalyse som ser samanhengen mellom skulekapasitet og befolkningsvekst/bustader. Kommunen påpeikte også at det i dag ikkje er nok arbeidsplassar til alle som bur i Knarvik.

- Mange av dei som arbeider på Mongstad pendlar frå byen. Internt i kommunen er trafikken i stor grad fritidsreiser, ikkje arbeidsreiser.
- Topografien kan vere eit hinder for at fleire vel å gå og sykle. El-sykel kan bidra til fleire syklande.
- Gåing og sykling må kombinerast med god kollektivdekning i bustadområda. Fleire av reisene er korte, og potensialet for å avgrense transportbehovet er difor stort.

Regionsenterutvikling

Handel er eit naturleg tema å inkludera i planprogrammet med Knarvik sin rolle som både kommune- og regionsenter. Regional plan for attraktive senter legg føringar for lokalisering og dimensjonering av handel. Handel har stor påverknad på biltrafikken. Senterstruktur bør inngå som i eit kapittel eller stå som eit eige kapittel. Senterutstrekning bør definerast i denne planen. Det er og viktig om Alverstraumen definerast som bygd, eller som eit nærsenter.

Lindås kommune har ikkje gjennomført nokon handelsanalyse i Knarvik, men kommunen har starta opp arbeidet etter å ha motteke HNH-midlar frå fylkeskommunen. Handelsanalysen vil inngå i dette planarbeidet, og må ses i samanheng med Frekhaug som ligger like langt frå Knarvik som Alversund, og med enklare gangforbindingar. Kommunen meiner det er naudsynt å teke omsyn til nabokommunane, og ønskjer samstundes ikkje å skape for store forventningar om utviklinga til Alversund i denne planen.

- Alversund er det tettast utbygde området i Lindås, og ein stad med tidligare senterfunksjonar. Alversund ligg omkring 5km frå Knarvik sentrum, og det er difor naturleg å sjå dette i samanheng med senterutviklinga i Knarvik for å redusera transportbehovet.
- Kommunen ønskjer å la Knarvikplanen liggje, og knytte dette planarbeidet opp mot Knarvikplanen.
- Kommunen meiner det er viktig å definera kva slags funksjoner Alversund skal ha.

Planperioden

Det vert påpeikt at planperioden burde være lenger om ein ikkje tenker at den skal reviderast etter kommunesamanslåinga. Planprogrammet bør definere fellesfunksjonar og lokalisering med Frekhaug. Lindås kommune har nettopp starta opp samtaler med nabokommunane, og veit difor enda ikkje korleis dette skal omtalast i det vidare planarbeidet. Det er likevel meininga at denne planen skal gjelde også etter kommunesamanslåinga.

Energi- og energiforsyning

Planforslaget legg opp til ein byutvikling sjølv om ein ikkje brukar dette omgrepet her. Ein bør difor sjå denne planen opp mot ny trendar i byutvikling, knytt til for eksempel energiforsyning, kompostering og parsellhagar. Energiforsyning bør omtalast i planen som eit eige tema. Nærleiken til sjø dannar grunnlaget for bruk av fjordvarme, og store bygningar i Knarvik kan varmast opp eller kjølast ned ved hjelp av vassbåren varme. Knarvik bør utnytta potensialet som liggje i at det både er urbant og landleg.

- Energi og energiforsyning skal omtalast i det vidare planarbeidet. Kommunen påpeikte også det er satt av mykje areal sentrumsnært til flisproduksjon. Verken HFK eller andre offentlege instansar har vært villige til å gå inn med økonomisk støtte. Knarvik er per i dag for lite til urbant til å vekka interesse for lokal energiproduksjon.

Kulturarv

Det vert framheva at kulturarv må omtalast i det vidare planarbeidet. Det må takast særskilt omsyn til bygningsarven i Nordhordland. Kommunen bør behalda sitt preg som ein by av strilar, og ikkje stenge att det som kan utbyggast i framtida. Lindås kommune er oppteken av at kulturminner integrerast i sentrumsutviklinga, og viser til at Knarvik er bygd i utmarka.

Bustad

Flott at mykje av veksten skal takast i Knarvik. Med tanke på å inkluderast i ein framtidig byvekstavtale, er det viktig at kommunen har fokus på høg arealutnytting, og utbygging som byggar opp under senterstrukturen og føringar i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Kommunen bør difor vurdere å taka ut område avsett til bustadføremål, som det er lite realistisk å få gjennomført. Det vert stilt spørsmål til formuleringa «Leggje til rette for meir spreidd utbygging i ubygde område», då dette kan tolkast ulikt.

- Frå politisk hold i Lindås kommune setter ein pris på at regionale myndigheiter er tydelege kring dette. Det er likevel eit problem at marknadsinteresser ikkje tek omsyn til framtidige ønskjer i kommunen, som til dømes forskjellige bustadstorleiker. Det er og ein utfordring at leilegheiter sentralt i Knarvik kjøpast av stort sett eldre personer.
- Lindås kommune opplever at føringane i RTP og RATP skapar utfordringar for Lindås og påpeiker at det her er usamdheiter mellom Lindås kommune og fylkeskommunen. Kommunen er samde om at Spreidd utbygging er ikkje ein optimal formulering, og ser den kan vere i konflikt med intensjonane om fortetting.
- Kommunen er i ferd med å ferdigstille eit bustadpolitisk program som seier noko om kor ulike bustadtypar skal lokaliserast. Programmet omhandla også dei som ikkje kjem seg inn på

bustadmarknaden og andre vanskelegstilte. Programmet skal sendast ut til høyring, og vedtakast til hausten.

Næring og sysselsetting

Lindås kommune forklarte at handel blir omtalt meir i sentrumsplanen for Knarvik, og påpeikte samstundes at interessa for næringsareal fell blant investorar og næringslivet dersom næringsareal ligg for langt unna sentrum. Kommunen er difor oppteken av å tenke i aksen Knarvik – Alversund og innover E39. Med meir sentrumsnært næringsareal ser kommunen det som særskilt viktig å definera ei markagrense.

- Kystverket var interessert i å vite kva slags tankar kommunen har om hamna til RadøyGruppen. Det vert påpeikt at det i det vidare planarbeidet må takast omsyn til skipsleia i gjennom Hagelsundet og Alverstraumen, samt seglingshøgda under bruene i området. Kommunen er klar over moglegheita for å etablere ein djupvass i området, men påpeikte at dårleg vegtilgang er ein stor utfordring.

Strandsona

Alverstraumen inngår i Riksantikvarens register for kulturlandskap av nasjonal interesse (KULA). Det vert difor påpeikt at dette må omtalast i det vidare planarbeidet. Fellesanlegg for småbåtar vert påpeikt som ein føretrekt løysing framfor fleire individuelle flytebrygger. Kommunen ønskjer å leggje til rette for ein slipp med felles parkering og tilkomst. Dei ønskjer også at ein kyststi mellom Alversund og Knarvik blir tilrettelagt også for sykling, då dette vil vere eit viktig folkehelseiltak.

Infrastruktur og kommunikasjon

I forhold til E39 er det ein stor utfordring med parallelle prosesser som føregår i Statens vegvesen og Lindås kommune. Frå vegvesenet sin side er det uklart når val er trase er klar eller når ein får midlar til å gjennomføra tiltaka i planen. Vegvesenet er også nøgd over at ny bru over Alversundet er inkludert i kommunedelplanen. Denne må konsekvensutredas. Kommunen fikk tilbakemeldingar på at det er flott at det fokuserast på gang og sykling. Planprogrammet kunne likevel hatt større fokus på trafikkikkerheit, løysingar for barn og unge og kollektivtransport. Kommunen påpeikte at det er vanskeleg å påverka kollektivtilbodet gjennom planarbeid, då ein manglar eit grunnlag for å berekne kor mange busette som må til for at ein får eit betre og utvikla kollektivtilbod.

- Skyss følgjer kollektivstrategien sin som tek utgangspunkt i knutepunktutvikling og kostnadseffektivisering.
- Kanskje må ein tenke nytt med til dømes mindre busser, fleksible bussløysingar, båtløysingar.

Kartgrunnlag

Det vert påpeikt at kartgrunnlaget i planprogrammet bør utbetrast og inkludera eit meir oversiktleg oversiktskart.